

Norsk misjon i utanrikspolitisk perspektiv¹

KÅRE HAUGE

Underskrivne meiner seg ikkje å ha spesielt stor kunnskap om norsk misjon, og det er under noko tvil at eg har gått med på å skrive denne artikkelen i det heile. Men eg skriv ut frå personlege refleksjonar og røynsler etter godt og vel eit par tiår i utanrikstenesta. Og eg får trøyste meg med at jubileumsnummeret sikkert toler ein artikkel frå ein amatør også.

Eg vil først sjå teoretisk på grunnlaget for innsats i felten anten det gjeld misjonæren eller utanrikstenestemannen/diplomaten. Med det som utgangspunkt vil eg gå noko inn på utviklinga av samkvemet mellom misjon og diplomati, og til slutt sjå på det praktiske samarbeidet på det heimlege og det ytre plan mellom dei to institusjonane.

Det skal godt gjerast å hevde at diplomaten og misjonæren driv med samme sak – sjøl om det er dei som har greidd det også, særleg ut frå eit *kulturimperialistisk* synspunkt. Det har ikke eg tenkt å gjere. Men heilt blind for parallellane bør vi vel heller ikkje vere: Begge personar kjem som representantar frå eit anna land og miljø for å presentere sine standpunkt/synspunkt til innbyggjarane i vedkomande *vertsland*, som vi gjerne seier i departementet. Desse synspunkta har det til felles at dei representerer det vi her i landet gjerne kallar den vestlege tradisjonen, og som amerikanarane ofte kallar «the Judeo-Christian tradition» – kvifor vi skulle vere meir redde for å kalle ein spade ein spade, er ikkje godt å seie. Etterkvart som misjonsorganisasjonane utvidar sitt arbeidsområde og norske ambasadar blir fleire og fleire, finn vi både misjonærar og utanrikstenestemenn i svært mange land i verda.

Men der stoggar vel også parallellen. Det blir særleg klart dersom vi aksepterer den klassiske engelske definisjonen på ein diplomat: «ein som er send utanlands for å lyge for si regjering.»

Men også utan slik kynisme skulle skilnaden mellom den betalte regjeringsrepresentanten og den *kalla* idealisten vere klar nok. Diplomaten er del av sentraladministrasjonen i sitt land, og har i utgangspunktet ikkje noko anna enn ein jobb i byråkratiet (eller embetsverket som vi helst kallar det, for kven vil vere byråkrat!) der ein del av karrieren er lagt til utlandet. Misjonæren har på idealistisk grunnlag valt eit yrke der hovudføremålet er å overføre si religiøse overtydning til nesten, og der dette blir gjort via ein privat, frivillig organisasjon som har lite eller ingen ting med statsapparatet å gjere. Sidan vi her talar om ytre misjon, vil *nesten* stort sett vere utlending. Men etterkvart som arbeidsområdet blir utvida, er det ikkje lenger slik at *nesten alltid* er svart av hudfarge, går utan skor og snur boka opp-ned når han skal lese.

Sett i historisk perspektiv, trur eg neppe det er tvilsamt at den norske misjonsinnsatsen har vore avgjerande for å disponere det norske folket for sin velvilje andsynes internasjonalt hjelpearbeid, anten vi snakkar om tradisjonell utviklingshjelp eller hjelp til katastrofeområde, såkalla naudhjelp. Då u-hjelpa såg dagens lys etter andre verdskrigen, hadde norsk misjon allereie over 100 års røynsle i den tredje verda. Dette er ein viktig faktor for å forklare at Noreg høyrer til dei få landa i verda som yter så mykje som ein prosent av nasjonalproduktet i slik hjelp. I alle desse landa finn vi ein stor innsats for ytre misjon. Der finn vi også at den sosial-demokratiske solidariteten står sterkt. Det ser ut til at desse to elementa har skapt ein grobotn i norsk politikk for innsats i den tredje verda som overlever dei fleste drepende kritikkar av manglande effektivitet i u-hjelpa. Det er vanskeleg å finne eit betre dømme på tverrpolitisk semje i norsk politikk over eit langt tidsrom enn samlinga om u-hjelpa.

Den norske misjonsinnsatsen førde likevel ikkje til at dei som lanserte utviklingshjelpa, såg eit nært samarbeid med norsk misjon som eit poeng. Her sette nok parti-politikken sine grenser. Om det også gjorde seg gjeldande ei *konkurannseinnstilling*, er kanskje noko vi ikkje skal sjå heilt bort frå. Med somme unntak vart dei såkalla *hovudsamarbeidslanda* for NORAD plukka ut utan omsyn til om vårt land kunne seiast å ha nokon særleg fagkompetanse på vedkomande utviklingsland. Det enklaste er vel å konstatere at landa vart plukka ut etter statsadministrasjonen sine språkkunnskapar. Av utanlandske språk snakkar Ola Nordmann stort sett berre engelsk. Misjonærene kan andre språk også. Men dei vart i liten grad spurde til råds. Eit

historisk høve til større samspel mellom misjon og utanriksteneste i vidaste forstand vart dermed vraka, anten med vilje eller av vanvare.

Idag kan vi trygt seie at situasjonen er ein annan. Trass i eit heilt unikt utgangspunkt som skissert ovanfor, eksisterer det idag ein langt større vilje i statsadministrasjonen til å innsjå at norsk misjon representerer *kompetanse* i landkunne som staten burde gjere seg nytte av. Dette har avfødd den lange rekka med statsfinansierte utviklingsprosjekt i misjonsregi som har auka på slik i dei seinare åra, at misjonsorganisasjonane til tider har vurdert si frie stilling. Her kan vi også nemne den høge prosenten av norsk naudhjelp som blir administrert av norske frivillige organisasjonar, jamvel om den i mindre grad er handtert av tradisjonelle *misjonsorganisasjonar*. I utlandet blir dette samarbeidet ofte omtala som «den norske modellen», som mange land misunner oss.

Her fell det naturleg å samanlikne den norske misjonæren og diplomaten for sin *fagkunnskap* på vedkomande land. Då er eg redd for at vi utanrikstenestemenn ofte kjem til kort. I Noreg har vi ingen kolonibakgrunn. Dette rosar vi oss av og ser det vel helst som ein politisk føremon i internasjonalt arbeid: Ingen tidlegare koloni får pavlovsk reaksjonar av vårt nærvær og lurer på kva slags *neo-imperialisme* den norske diplomaten no er i ferd med å koke ihop. Men det er også klart at når vi samanliknar den engelske utanrikstenesta sin fagkunnskap på Afrika eller Asia med den norske, ser vi *ulempene* med å stå utan slik historisk fortid. Medan norsk UD sit inne med mykje fagkunnskap på Aust-Europa eller Antarktis, har vi vore nokså blanke på det arabiske området eller på Sør-Aust-Asia. – Men det er, som kjent, aldri for seint å lære, noko som Oslo-kanalen og regjeringa sin Asia-plan kanskje vitnar om.

Misjonsorganisasjonane har frå dei tidlegaste tider for organisert misjon forstått at utan solid landkunne nyttar det ikkje å drive misjon. Språkkunnskap er basis, men ingen kan lære språket i eit land utan å ta inn over seg ei mengd med kulturelle og sosiale indikatorar på vedkomande samfunn. Sidan misjon i sin grunnhått fungerer som medmenneskeleg kommunikasjon, vil ikkje det lokale samkvemet fungere med mindre misjonæren har intim kjennskap til samtalepartnaren sine eksistensvilkår. I sitt daglege yrke brukar misjonæren altså langt meir enn den solide bibelkunnskapen han har med seg fra den heimlege misjonsskolen. *Det* er berre starten, og etterutdanninga i vedkomande land kan vere både lang og tung. Det veit alle misjonærar.

Det er difor ikkje utan grunn at misjonærar representerer ein ressurs i det som blir kalla «tverr-kulturell oppseding». Og då tenkjer eg

mindre på store barneflokkar enn på kursing og seminar i heimeorganisasjonen sin regi. Her kan dei fleste misjonærar uttale seg med autoritet. Sjøl har eg vore på kurs i IKOs regi om tverr-kulturell oppfostring, og slike tilbod burde i mykje større grad bli utbygde av misjons-heimeorganisasjonane. Her vil eg til og med tillate meg eit tips til økonomiavdelinga: Det kan ligge pengar i slikt! Det gjeld berre om å få sentraladministrasjonen på kursing-kroken... Der står då også misjonærar bak ymse senter for inter-kulturell kommunikasjon. Dei er godt kvalifiserte.

Det burde difor, etter mitt skjønn, høyre med til ein fornuftig norsk utanrikstenestemann si første gjerning når han kjem til eit land med norske misjonærar, å ta kontakt med desse. Her ligg det kompetanse som diplomaten, med mindre han skulle representere det sjeldne unntaket frå regelen som spesialisten er, vil mangle. Og med eit arbeidsperspektiv på 2-3 år kan han neppe vone å nå eit slikt nivå heller i den tid han skal arbeide i landet. Då representerer misjonærkolonien eit miljø som kan gje den ferske diplomaten ei lyninnføring i dei viktigaste aspekta av vedkomande land sin tradisjon.

Mi oppleving av misjonærkolonien i Japan var nettopp denne. Norsk UD si Japan-kunne er nok betre i dag enn ho var, men det er eit spørsmål om ho framleis er særleg imponerende. Det er svært få, om nokon i etaten som kan godt japansk. Det gjorde ikkje eg heller då eg kom til Tokyo, heller ikkje då eg reiste. Den «butikk-japansken» som eg etterkvart tileigna meg for å kunne spørje om det eine eller det andre, var som regel ikkje god nok til at eg forsto svaret. – Misjonæren i Japan kunne ikkje tillate seg å operere på slik basis. To års fulltids opplæring i språk og kultur etter at han kom til landet var «standardkurset». Det var dobbel så lang tid som den norske hæren sine rekruttar trong for å lære brukbar russisk, som eg kunne samanlikne med. At eg vart imponert, seier seg sjøl. Då eg mange år seinare vart send på spesialoppdrag til Burundi med den hovudkvalifikasjonen at eg kunne framføre min bodskap på fransk og elles med svært liten kunnskap om landet, var eg ikkje sein om å leite opp næraste misjonsstasjon. At det var ingen *norske* misjonærar der i landet så eg måtte nøye meg med *svenske*, såg eg stort på...

I denne samanheng kan vi stille spørsmålet om det harmoniske samarbeidet som vi no kan konstatere er oppretta mellom stat og frivillige organisasjonar i innsatsen utanriks, også vil føre til visse konsekvensar for dei to partane over tid. Eg trur at det kan vi ikkje sjå bort frå. Eg har allereie vore inne på at somme organisasjonar til tider har vurdert sin finansielle avhengigskap av staten med sikte på å unngå så stor finansiell innblanding av statlege midlar at organisasjo-

nen risikerer sitt materielle og åndelege sjølstende. Nokon omvendt fåre for staten eksisterer neppe, men vi kan idag konstatere at dei åndelege verdiane som misjonen alltid har representert frå «den judeisk-kristne tradisjonen», dei er no vel etablerte også i utanrikspolitikken under namnet «menneskerettar». Der har dei sjølv sagt vore ei stund, det tek til å bli nokre år sidan menneskerettfråsegna og liknande dokument vart vedtekne. Det relativt nye er at også i utviklingshjelpsamanheng stiller den norske staten klare krav. Det tok si tid, men det er no på plass. Dette har misjonsorganisasjonane aldri vore frimodige nok til å ta til inntekt for seg, og kanskje bør dei heller ikkje gjere det. Men eg vil tru at utan ein viss gjensidig påverknad har samarbeidet med misjonen ikkje vore for norsk utanriksteneste generelt og norsk utviklingshjelp spesielt.

Det må her minnast om at norsk misjonsinnsats i den tredje verda har skapt resultat som vi neppe tenkjer på til dagleg, men som er overlag viktige for desse landa: Opplæringa av «ein styrande klasse» som er og enno i lang tid vil vere desse landa sitt intellektuelle grunnlag for å styre seg sjølve. Her er sjølv sagt norsk misjon på ingen måte åleine, neppe heller den største, det er vel heller den katolske kyrkja sin innsats. Men også den norske er viktig nok. Eg har sjøl fått med meg eit personleg brev frå ein minister i den tredje verda til sin tidlegare misjonærlærer no tilbake i Oslo: Ministeren var ikkje spesielt interessert i å sende brevet i den regulære posten – det var ikkje så lenge sidan eitt-parti-systemet vart oppheva i landet...

Til slutt kunne det vere interessant å drøfte noko meir inngående spørsmålet om harmoni eller konflikt mellom private, ideelle organisasjonar som norsk misjon på den eine sida og staten som ansvarleg for utanrikspolitiske prioriteringar på den andre.

Det seier vel seg sjøl at heilt uten problem vil samspelet mellom statlege og frivillige organisasjonar ikkje vere. Utanriksdepartementet vil per definisjon ta ei politisk tilnærming til situasjonar som oppstår eller som kan tenkast å oppstå, og regjeringa si oppgåve er å vege omsynet til den einskilde og ei viss gruppe mot omsynet til totaliteten i norsk politikk. Ein misjonærorganisasjon er til ein viss grad også ein interesseorganisasjon som har sine interesser å ivareta. Somme tider er desse interessene av universell karakter og gjeld slike prinsipielle spørsmål at organisasjonen utan vidare ventar at det må staten også innsjå. Nokon garanti for at staten ser det likeeins, finst ikkje. Departementet kan ha oversyn over faktorar som ikkje i samme grad er kjende for den organisasjonen det gjeld. Eller om dei er kjende, ikkje synest like relevante.

At dette ikkje berre er teori, vil alle vite som kjenner noko til inn-

satsen frå den tidlegare «Misjon bak jarnteppet» (idag under namnet «Norsk misjon i øst», og som namnet indirekte indikerer: mindre kontroversiell). «Misjon bak jarnteppet» var i hovudsak kjend for sin innsats for bibelmisjon, eller bibels*smugling* som folk flest ville kalle det. Sidan dette var forbode etter kommunistisk lovgjeving (og er det vel tildels enno i somme restkommunismeland), kunne Utanriksdepartementet vanskeleg gjera anna enn å stille seg reservert til eit arbeid som gjekk ut på å bryte lovgjevinga i eit suverent og sjølvstendig land. På den andre sida representerte «Misjon bak jarnteppet» i mange tilfelle eit idealistisk arbeid til beste for individ som vart forfulgte for si trus skyld, noko som klart var i strid med universelle menneskerettskrav – og ofte også i strid med lovgjevinga i vedkomande land. Difor vart slike individ helst skulda for andre brotsverk som skulle gjere dei til vanlege kriminelle.

I slike situasjonar får utanrikspolitikarane i eit land som Noreg eit dilemma. På den eine sida er det heilt klart at dei sympatiserer med den organisasjonen som forfektar menneskerettsaspektet i situasjonen. På den andre sida kan dei ikkje støtte ulovleg aktivitet retta mot vedkomande land.

Den prinsipielle løysinga på dette dilemmaet kom med aksept for at menneskerettar var universelle og at ingen land kunne avvise utanlandsk omtale av desse med at dette var utillateleg innblanding i indre saker. Dette var den store landevinninga som KSSE-arbeidet fastslo for Europa sitt vedkomande. Med kommunismen sitt samantbrot i vår verdsdel er problemet ikkje lenger av prinsipiell, men av praktisk karakter: Sjølv sagt finst det enno praktiske problem i gjennomføringa av dette i alle detaljer, og difor kan ein arrestert Bellona-medarbeidar i Russland framleis medføre problem i vårt tilhøve til Russland. Men det er ikkje fordi Russland avviser visse menneskerettar.

Det finst det derimot andre land som gjer, både i Afrika og Asia. Særleg akutt er det i land der ulike grupper i ein borgarkrig representerer ulike trussamfunn eller religionar. Her kan ein likevel skulde mykje av overgrepa på krigssituasjonen. Verre blir det når menneskerettar blir krenka meir eller mindre som del av offisiell politikk. Det mest opplagde dømet er dødsdommen mot Salman Rushdie. Jamvel om regimet i Iran prøver å skape eit skilje mellom religion og stat der den siste ikkje har noko med fatwaen å gjere, minner dette for mykje om tilsvarande formalistiske sprell frå andre diktatur til andre tider.

I samkvemet mellom stat og misjon vil konflikt først oppstå når misjonsorganisasjonen ber om statleg støtte for sin innsats eller for

sine individuelle medlemmer i land der kristne blir forfølgde i kraft av å vere kristne, og dersom norske styresmaktar ikkje vil gå ut med prinsippiell kritikk til støtte for dei det gjeld. Vi ser i dag teikn til slik forfølging i nokre land, t.d. der militant islam er på frammarsj, men det gjeld også i andre land. KSSE-området er avgrensa til Europa og Nord-Amerika, og det vil difor by på andre og som regel større problem for norske styresmaktar å hevde prinsipielle menneskerettar utanfor KSSE-området enn i Europa. Norske misjonsorganisasjonar er berre i liten grad engasjerte i slike problem-land, og kanskje skal vi vere glade for det. Men dersom den meir militante, politiske varianten av islam skulle få ytterlegare vind i segla i fleire land i tida framover, må vi også rekne med at dette kan utvikle seg til eit problem for norske misjonsorganisasjonar og for norsk utanrikspolitikk. Også i denne samanhengen burde vi kanskje følge eit «føre-var»-prinsipp, og begge partar vil truleg gjere klokt i å førebu seg på ein slik situasjon.

I dag kan eg likevel konkludere med at sett frå ein utanrikspolitisk synsstad, er norsk misjon i utlandet i god samklang med norske styresmakter, og totalt sett ein styrke for norsk utanrikspolitisk innsats generelt og for utanrikstenesta spesielt. Eg nyttar høvet til å gratulere Egede Instituttet med 50-årsjubileet og uttrykke vona om godt og nyttig samarbeid mellom misjonsorganisasjonane og utanrikstenesta i åra som kjem.

NOTER

1. Vi minner for ordens skyld om at synspunktene som kommer til uttrykk står for forfatters regning og ikke for Utenriksdepartementets.

Kåre Hauge, f. 1939. Fransk og russisk mellomfag (UiO), Ph.D. i russisk historie. Utenrikstjeneste (UD) i Moskva, Tokyo og Paris. Ekspedisjonssjef i Utenriksdepartementet.

Norwegian Missions from the Perspective of Foreign Policy

On the basis of his own observations as a diplomat, the author describes Norwegian missionary contributions. Compared to diplomats, missionaries often have more competence in language and culture studies in the areas of work. The article also deals with cross-cultural communication, the relationship between private and government based development work, and possible tensions between missionary concerns (e.g. Bible smuggling) and government policies.